




**HELSE BERGEN**

Haukeland universitetssjukehus

**Avdeling for gastro og akuttkirurgi**





**Til deg som har fått  
divertikulose /divertikulitt**

## Kva er divertikulose/divertikulitt?

Ordet divertikkel tyder utposing og blir mellom anna brukt om utposing av slimhinna i tarmveggen. Divertiklar finn ein vanlegvis i tjukktarmen. Er det mange utposingar kallast det for divertikulose. Vi veit lite om årsaka til divertikulose og reknar det ikkje som ein sjukdom. Divertiklar er mest utbreidd hos vaksne, men unge menneske kan og få det. Mange med divertiklar er uten symptom eller plager. Dersom det blir betennelse i divertiklane kallast det for divertikulitt. Årsaka er at utposingane vert tilstoppa med avføring. Betennelsen kan og sette seg i tarmveggen rundt divertiklane.

### Utsnitt av tjukktarm



## Behandling

I dei lette og ukompliserte tilfella er det ofte tilstrekkeleg med antibiotika tabletter. Ved alvorlege infeksjonar ynskjer vi å gje anti-biotika direkte i blodbana (intravenøst). Det vil i så fall vere nødvendig med innlegging på sjukehus for å få effektiv behandling.

## Anbefalingar etter behandling

### Oppsøk lege dersom:

1. Du får meir smerter, kjenner deg kvalm eller sjuk.
2. Ved høg feber
3. Blod i avføringa

### Smerter

Du kan framleis ha smerter i magen ved utskriving. Smertene vil avta etterkvart. Bruk eventuelt paracetamol mot smertene.

### Kost

Ein bør ha avføring dagleg, difor er fiberrikt kosthald viktig. Prøv å få i deg fiberrik mat som grovt brød, grønsaker og frukt. Du kan og ta fiber i form av pulver. Det heiter "Visiblin" og selges på apotek. Drikk godt, gjerne 1,5 til 2 liter dagleg.

### Aktivitet

Mosjon er svært bra! Det stimulerer fordøyelsen og motverkar treg avføring. Det er ikkje noko fare med å vere i aktivitet sjølv med utposningar på tjukktarmen.

### Etterkontroll

Pasientar som har fått divertikulitt for første gang må få tjukktarmen undersøkt etter at sjukdommen har roa seg. Det kan gjerast ved hjelp av røntgenundersøking eller koloskopi. Ved koloskopi først eit skop inn i tynntarmen via endetarmen og legen kan sjå inn i tarmen. Undersøkinga kan gjerast etter at betennelsen i tarmen har fått tid til å roe seg, tidlegast 6 veker etter ein har fått divertikulitt.



## Du var innlagd ved Kirurgisk klinikk

Sengepost: ..... Telefonnummer: .....

Kontaktsjukepleiar: .....

Ansvarleg lege: .....

Du kan kontakte posten dei første ..... dagane etter  
utskriving.

Etter denne perioden må du ta kontakt med primærlegen din.